

ÅRSMELDING 2025

for

Nore Neset Idrettslag



Styrets arbeid

Styreperioden har vore fra 25.mars 2025 til 31.mars 2026. Det har i styreperioden vore avholdt 14 møte. Styremøta har vore avholdt fysisk på NNIL sitt klubbhus, samt digitalt ved behov. Nokre møte har vore hybride, med både fysisk og digitalt oppmøte.

For styret har det vore viktig å sikre bærekraftig økonomi, struktur og orden i alle ledd og fordeling av myndigheit og ansvar i organisasjonen. Ved å halde høgt fokus på å sikre bærekraftig og profesjonell klubbdrift, har styret jobba for å legge forholda best mogleg til rette for medlemmane og frivilligheita.

Styret har vedteke ny leiarstruktur, med dagleg leiar og sportsleg leiar. Dette er eit viktig strategisk arbeid for å sikre ein tydelegare leiarstruktur. Formålet er å sikre klare ansvarsforhold, forutsigbarhet og god samhandling mellom administrativ og sportsleg leiing.

Kommunikasjon og informasjonsflyt har tidlegare vore peikt på som eit område for betring. Derfor har styret i denne styreperioden etablert fast utsending av nyheitsbrev til medlemmane. Vidare har styret arbeidd for å få på plass igjen gode varslingsrutinar, og det er etablert eit varslingsutval.

Styret har understøtta det viktige arbeidet med Multisportveka og Open folkehelsepark for barn og unge. Begge tilboda har vore gitt i skulen sin sommarferie og har vore populære. Desse to prosjekta har også vore viktige med tanke på idrettslaget sitt ønske om å gi ungdom moglegheita for betalt sommarjobb.

Styreleiar har hatt faste møte med dagleg leiar mellom styremøta. I desse møta har det blitt gjort nødvendige avklaringar. Styrets nestleiar, samt styremedlem med økonomi-kompetanse har delteke på enkelte av desse møta ved behov.

Årsberetning for Fotballgruppa 2025

2025 har vore eit aktivt og godt år for fotballgruppa i Nore Neset IL. Klubben har hatt 24 lag og om lag 320 spelarar, fordelt på 11 barnelag, 10 ungdomslag og 3 seniorlag.

Sportsleg har det vore god utvikling. Senior herrer hadde ein sterk sesong og var nær opprykk, medan damelaget har hatt ei meir utfordrande sesong i sin etableringsfase. Ungdomsavdelinga er i god vekst, med fleire spelarar som hospiterer til Brann og deltek på regionale tiltak. Det er òg positiv utvikling på trenarsida, der fleire har teke kurs, inkludert tre nye UEFA C-trenarar. Dommarsituasjonen er framleis ei utfordring.

Klubben har hatt god deltaking på cuper som Voss Cup, Sør Cup og Norway Cup, med stort fokus på det sosiale. Kiwi Bama Cup vart gjennomført i redusert format, men med svært godt resultat. Tine Fotballskule og serieturneringar i samarbeid med Øyglimt og Lysekloster vart òg vellukka arrangement.

Det har vore god oppslutning rundt dugnader, særleg Kiwi Bama Cup og sokkesal. Økonomien er god og stabil. I løpet av året er det investert i utstyr som ballar, drakter og trenarklede, og klubben har inngått ny avtale med Adidas.

Miljøet i klubben er godt, men det er framleis eit potensial for å styrke klubbkjensla på tvers av laga. Sankthansfeiringa på bana vart arrangert for første gong og vart ein stor suksess. Baneforholda er svært gode, med nytt dekke på bane 1 etter skadar frå tornado. Kapasiteten er god, men klubben har behov for betre lagingsløyisingar.

Fotballgruppa er heilt avhengig av innsatsen frå frivillige. Ein stor takk til trenarar, lagleiarar og foreldre. Ein særskild takk til Finn Olav Hagevik, Monica Hesthammer og avtroppande Wenche Synnøve for viktig innsats.

For 2026 er det sett fokus på sportsleg utvikling, der herrelaget skal kjempe om opprykk til 4. divisjon, og damelaget skal stabilisere seg. Klubben vil òg vidareføre sosiale tiltak og styrke organiseringa gjennom etablering av eige fotballstyre.

Klubben har hatt godt samarbeid med nærliggande klubbar, særleg Øyglimt, Os Turn og Lysekloster.

2025 har vore eit godt år, og klubben står godt rusta for vidare utvikling.

Årsberetning for Handballgruppa 2025

Handballåret 2025

I 2025 (handballsesongen 2025/2026) hadde vi om lag 30 lag påmeldt i seriespel, frå dei yngste på 6 år til seniornivå. Dette omfattar både gutelag og jentelag, som alle har vist stor innsats og sportsleg utvikling gjennom sesongen.

Senior herrar, eit samarbeidslag mellom Nore Neset og Os, har spelt i 5. divisjon og gått nesten ubeseira gjennom sesongen. Vi har rekruttert fleire nye spelarar til laget, alle tidlegare spelarar i Nore Neset eller Os. Laget har vist solid utvikling og har sikra seg opprykk til 4. divisjon neste sesong.

Vi har diverre ikkje greidd å samle nok spelarar til å melde på senior damer i seriespel.

Likevel har vi lagt til rette for oppstart av ei treningsgruppe for seniordamer.

Utanom seriespel har vi hatt eit damelag som deltok i Veteran-NM i Bergen hausten 2025. Vi har òg hatt eit lag med i Bringserien for G16 i samarbeid med Bergensdalen IL. To lag, J13 og G14, har delteke i temaserien denne sesongen. J13 nådde her heilt til topps og vann serien etter å ha vunne alle kampane.

I sesongen 2025/2026 har vi samarbeidd med fleire andre klubbar for å sikre eit best mogleg tilbud til medlemmene våre. Vi har samarbeidslag med Os i fleire årsklassar i tillegg til senior herrar, og eit samarbeid med Bergensdalen IL for deltaking i Bringserien for G16. For gutar fødd 2010 har vi hatt eit treningssamarbeid med Bjarg, der spelarane har vore inviterte til ekstratreningar.

Det har vore treningsaktivitet kvar vekedag i både Nore Neset Arena og Nore Neset Aktivitetshus gjennom heile sesongen, og kampaktivitet i Nore Neset Arena nesten kvar helg.

Laga våre har deltatt på fleire cuper i løpet av året, noko som har gitt både verdifull erfaring og mange gode minner. Vi har delteke på Handballfestivalen på Stord, Fjord Cup i Sandefjord og julecupen i Haukelandshallen.

Nissecupen, som vi sjølve arrangerer, vart gjennomført i desember. I 2025 arrangerte vi to nissecupar – ein for barn og ein for ungdom. Her inviterte vi lag frå eigen klubb og naboklubbar til ei uformell turnering med fokus på det sosiale.

Kurs og utdanning

Alle trenarar har fått tilbod om å ta barnehandballtrenar- og Trenar 1-kurs gjennom NHF. I sesongen 2025/2026 hadde alle trenarane våre minimum barnehandballtrenarutdanning, og dei fleste hadde fullført Trenar 1.

Det var 14 ungdommar som tok dommarkurs i 2025.

Dommarar

NNIL hadde i 2025 26 aktive dommarar. Dei yngste er fødd i 2011.

Innsats frå frivilligheita

Handballgruppa i NNIL har eit sportsleg utval med seks medlemmer. Utvalet har gjennom året hatt jamlege møter, om lag kvar sjette veke. Vi har revidert sportsplanen og jobba for å sikre at alle lag i handballgruppa vert drivne i tråd med denne.

Med unntak av nokre betalte ungdomstrenarar har handballgruppa i 2025 vore driven utelukkande av frivillige ressursar.

Årsberetning for E-sportgruppa 2025

E-sport veks for kvart år. Vi har per no 50 barn og ungdom fordelte på 5 grupper: 4.–5. trinn gruppe 1, 4.–5. trinn gruppe 2, 6.–7. trinn, 8.–10. trinn og jentegruppa. Det er jamn pågang, men vi ser nokre utfordringar med rekruttering til den eldste gruppa.

I løpet av året har vi arrangert og delteke på fleire arrangement. Vi hadde ein kickoff i fjor haust med turnering og samarbeid med Spillkultur, med stor suksess. Samarbeidet med Spillkultur har halde fram; vi var på turnering hos dei i Åsane, og vi inviterte dei tilbake til Roblox-arrangement i Oseana, der det var fullt hus.

Den siste månaden har vi vore med i God STIL-ligaen, som er arrangert av Søfteland IL E-sport, der fleire klubbar i Bergen og omegn deltek.

Årsberetning for Innebandygruppa 2025

Innebandygruppa i Nore Neset Idrettslag har hatt eit stabilt og godt aktivitetsår, med totalt 46 deltakarar fordelt på 19 barn og 27 vaksne. Aktiviteten er prega av eit inkluderande og sosialt miljø, der det er plass til både nye og meir erfarne spelarar. Vaksengruppa, leia av Peter Tjørnevig og Lucas Lindgren, fungerer som ei rein treningsgruppe utan deltaking i serie- eller turneringsspel, og har vore eit viktig lågterskeltilbod for fysisk aktivitet og fellesskap.

Barnegruppa vert trena og leia av Sondre Holm Sandnes, med god støtte frå ungdomstrenarane Mia Hagevik og Maria Dale. Gjennom året har gruppa hatt god utvikling både sportsleg og sosialt, og det er lagt vekt på meistring, trivsel og lagkjensle i tråd med verdiane til idrettslaget. Engasjementet frå trenarar og hjelpetrenarar har vore avgjerande for å skapa eit trygt og utviklande miljø for barna.

I løpet av sesongen har barnegruppa delteke i fem serieturneringar på Bønes, Søreide og Kalandseidet. Dette har gitt spelarane gode opplevingar, mestringskjensle og motivasjon for vidare deltaking. Innebandygruppa framstår som eit viktig tilbod i Nore Neset Idrettslag, og bidreg til å oppfylle visjonen om idrettsglede og utfordringar for alle.

Årsberetning for Padelgruppa 2025

Padelgruppa i Nore Neset Idrettslag har hatt eit svært godt år, og tel no 109 spelarar. Aktiviteten i gruppa har vore leia av Henrik Sivertsen og Frank Halsvik, som har lagt til rette for eit inkluderande og aktivt miljø for både nye og erfarne spelarar. Gjennom samarbeidet med Interpadel Bergen Os har gruppa hatt gode treningsmoglegheiter, der medlemmane også har fått tilgang til rabatt på baneleige. Dette har bidrege til høg aktivitet og god utvikling i gruppa gjennom året.

Hausten 2025 tok padelgruppa eit viktig steg vidare ved å starta opp eigne klubbtreningar for barn og unge. Tilbodet vart leia av dei unge og dyktige trenarane Emilie Gullachsen og Trym Wennersten, og samla 15 spelarar. I tillegg arrangerte gruppa si første turnering helga 24.–26. oktober, Norwegian Padel Tour (NPT 100 og NPT 50), på Interpadel Os Bergen. Turneringa samla 40 deltakarar og vart ein vellukka milepæl for padel i Nore Neset Idrettslag.

Desember 2025 beslutta Interpadel Bergen Os at dei la ned sitt anlegg. Vi har derfor kun to utebaner igjen.